

<b>Emne:</b>	Referat frå regionalt planforum 25.01.22 - Eide nærings- og innovasjonspark - Øygarden kommune	
<b>Til stades:</b>	<b>Namn</b>	<b>Organisasjon/Etat</b>
	Tom Georg Indrevik	Ordfører, Øygarden kommune
	Svein Otto Jacobsen	Leiar utval for plan, Øygarden kommune
	Silje Haukedal	Fungerande kommunalsjef Kultur og samfunn, Øygarden k
	Hanna Gjesdal	Einingsleiar plan, geodata og oppmåling, Øygarden k
	Svein Kallevik	Planleggjar, Øygarden k
	Ole-Karsten Midtgård	Planleggjar, Øygarden k
	Dennis René Vevang	Planleggjar, Øygarden k
	Eli Janette Fosso	Samfunnsplanleggar, Øygarden k
	Rune Landro	konstituert kommunedirektør
	Åshild Blomdal	Konsulent ABO plan & arkitektur AS
	Sjur Frimann Hjeltnes	Konsulent ABO plan & arkitektur AS
	Asbjørn Algrøy	Marin Eide/forslagstiller
	Gunvar Mikkelsen	Forum for natur og friluftsliv Hordaland
	Diana Ekren Grundt	Statsforvaltaren kommunalavdeling
	Sarah Kvåle Skouen	Statsforvaltaren, kommunalavdeling
	Turid Susort Jansen	Kystverket, hav og kystforvaltning
	Arve Helle	Politisk observatør fylkesutval
	Tommy S Loddengaard	VLFK INV, Forvaltning Bergensområdet
	Silje Svanevik	VLFK INV, Forvaltning Bergensområdet
	Ambjørg Reinsnos	VLFK KII kulturarv
Vidar Totland	VLFK INN, Verdiskaping i byregionar/Invest in Bergen	
Marianne Bugge	VLFK SUD-PKF, kommunekontakt	
Eva Katrine R. Taule	VLFK SUD-PKF	
Ingunn B. Skjerdal	VLFK SUD-PKF	
<b>Forfall:</b>		<b>Sak:</b> 2022/4000 - 3
<b>Møtetid:</b>	25.01.2022 kl 13-15	Møtestad: Teams

**Møteleiar: Eva Katrine R. Taule**

Oppstart ved Eva Katrine Taule og introduksjon om planarbeidet ved ordfører Tom Georg Indrevik

Møtet starta med ein presentasjonsrunde

Lokalisering av framtidretta marine næringar og industriell kompetanse i Øygarden kommune.

Lokalisering mot vest viktig i fylket og Bergensregionen.

Saken har hatt fokus sidan arealdelen til kommuneplanen då det vart sett fokus på utvikling av dette arealet. Kommunen opplever mangel på næringsareal

Utviklingsløp for Eide

Brukt lang tid på plan og utgreiingsprosess, sikrar areal for mottak nye grønne næringar knytt til sjø.

Lokalpolitisk einigheit om lokalisering

Planen er utarbeidd på grunnlag av planprogram vedteke i 2016 – 8 utgreiingstema

FN sine berekraftsmål ligg til grunn

Legge til rette for – berekraftig marin industri, forskning og innovasjon smart lagring og logistikk

Planen tek utgangspunkt i gjeldande kommuneplan. Nordleg område samsvarer med tidlegare regulert område. Eide sør eit nytt næringsområde. Arealet er sett av til næring i KPA, men det er ikkje utvikla næring i området i dag. Tiltakshavar sine planar strekk seg noko utover arealet sett av i overordna KPA – det gjeld særskild mot sjø. Tilkomst til sjø er vesentleg for å realisere intensjonane i planframlegget. KU Arealbruk skildrar endringane i detalj. Sikre tilgang til kai og havet på vestsida, ta vare på viktige høgdedrag, ta omsyn til arkeologiske kulturminne og urørt strandsone. Få til samanhengande næringsområde og effektiv utnytting



Dette møtet er sikret av Teams-datakryptering. Finn ut mer

## Oppgradering kryss FV EN Vestsidvegen


Rekkefølgekrav, basert på konklusjonar i Trafikkanalyse/mobilitetsplan (Siv.ing Helge Hopen AS):

«3.1.2 Ny veg Knutadalen skal ferdigstillast før det vert gjeve bruksløyve for nye tiltak i Eide sør.»

«3.1.3 Det skal opparbeidast gang- og sykkelveg frå kryss ved Eide til Rekkjavegen samtidig som ny veg Knutadalen vert anlagt.»

Denne løysinga vert vurdert som haldbar og trafiksikker dei første 10 åra etter området er teken i bruk. Ref Trafikkanalyse (Siv.ing Helge Hopen AS)

Sven Selås Kallevik



Behov for å oppgradere kryss og gang og sykkelveg, innarbeidd som rekkefølgekrav.

Dette møtet er sikret av Teams-  
datakryptering. Finn ut mer

EN

## Trafikk- og mobilitetsanalyse

QIBO  
PLAN &  
ARKITEK

Føresetnadene for berekningane av personreiser ved full utbygging (2050):

Tal på arbeidsplassar (totalt):	3.500
Arbeidsplassar, kontor:	2.260
Arbeidsplassar, industri inkl. adm./kontor:	1.240
P-plassar, arbeidsparkering (85%):	1413
P-plassar, besøksparkering, service etc. (15%):	249

Når det gjeld utbyggingsfase 1 er det rekna med ei trafikkskaping på om lag 30% av nivået ved full utbygging

Dette gir følgjande mobilitetsplan for arbeidsreiser:


Reisemiddelfordeling - arbeidsreiser	Antall reiser	Andel
Bilfører	2 684	43 %
Bilpassasjer	1 074	17 %
Kollektiv	1 597	25 %
G/S	945	15 %
SUM	6 300	100 %

Dette møtet er sikret av Teams-  
datakryptering. Finn ut mer

## Utbygging - plassering av næringsbygg

QIBO  
PLAN &  
ARKITEKTUR

- Det legges til rette for ulike bruksformål på bygg
- Prosessindustri mot sjø
- Lager og logistikk i sør




Dette møtet er sikret av Teams-  
datakryptering. Finn ut mer

## Utbyggingsfase – Eide sør

QIBO  
PLAN &  
ARKITEKTUR

- **Utbyggingsfase 1**
  - Veg med infrastruktur vert bygd fram til kaiområdet, samt kaianlegget
- **Utbyggingsfase 2**
  - Areal og næringer knytt til logistikk, transport og lager.
  - Fase 2 vil supplere aktivitetane i fase 1
- **Utbyggingsfase 3**
  - Samansette næringer med meir areal til logistikk, transport og lager, og utviding av næringer knytt til marin industri, farmasi- og næringsmidlar



Områdeplanen oppdaterer Eide nord. Områdereguleringa vil inkludere gjeldande reguleringsplanar for Eide Nord. Det vert viktig i planarbeidet å sikre at både gjeldande planar, og framtidige intensjonar, for Eide nord tilstrekkeleg vert teke omsyn til i planen.

Offentleg privat samarbeid, det er inngått eit samarbeid med Marin Eide, det er utarbeid planforslag av ABO plan&arkitektur på vegne av tiltakshavar. Franzefoss er også ein viktig part i arbeidet. Ønske om å være tidleg ute for å få innspel til arbeidet. Franzefoss seier at deira perspektiv er hundre år.

### Drøfting:

#### **Forholdet til kommuneplanen sin arealdel**

Sarah Kvåle Skouen, SE – stor plan, plan med stor betydning for kommunen, har ikkje rukke å gå gjennom alt, men ser at planen utfordrar kommuneplanen med verknad for strandsone og landskap.

#### **Naturmangfald**

Sarah K. Skouen – det er gjort funn av art unntatt offentlegheit, som gir grunnlag for motsegn til heile planen; funksjonsområde for arten.

Registreringa av funksjonsområdet for arten er ny, etter kommuneplanen vart vedteken, og den må leggest til grunn. Kor viktig området er for arten har vore kommunisert sidan oppstart av arbeidet med områdeplanen tidleg i 2016. Øygarden kommune (ØK) syner til diskusjon i samband med kommuneplanen sin arealdel og forhandlingane med statsforvaltaren i samband med diskusjonar.

Marin Eide, ØK: 2016 – 2022 er den effektive sakshandsamingsprosess, syner til synfaring 18.1.2018 som vart gjennomført med mellom andre kommunen og fylkeskommunen. Tema for synfaring var tilgang til sjø og kulturminne

Sarah K Skouen, SE: Heile området er funksjonsområde for arten. Det er ein sterkt trua art med stort nasjonalt fokus. Årlege registreringar.

Kommunen ber om eit eige møte med statsforvaltaren om dette. Statsforvaltaren er einig i at det er hensiktsmessig med eit eige møte. Administrasjonen i Øygarden kommune tek kontakt for å avtale møtetidspunkt.

#### **Forholdet til kulturminne**

Ambjørg Reinsnos, FK:

- Det er ikkje utarbeidd eigen KU på kulturminne, dette må utarbeidast, jamfør planprogrammet og tidlegare dialog med forslagsstillar og kommune
- Saknar illustrasjonar av konsekvensar for kulturminne, både direkte og indirekte konsekvens må greiast ut

Dersom planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn slik det vart presentert i planforum, må det søkast om dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8.4 for fleire av dei automatisk freda kulturminna i planområdet. Universitetsmuseet vil truleg stille vilkår om arkeologisk utgraving dersom det vert gitt dispensasjon.

Sjur Frimann Hjeltnes:

- Kulturminne har fått lagt på sikringssone, det skal ikkje være inngrep direkte i kulturminne. Veg og byggeområde er lagt utanom sikringssone for alle registrerte kulturminne

EKT: Signal om KU er ikkje god nok, grunnlag for eit eige møte.

ØK: Det vert naturleg å arrangere eit eige sær møte for å diskutere utfordringar med kulturminne vidare.

#### **Veg og infrastruktur**

Silje Svanevik, FK: har ein del tekniske merknadar men ønskjer ikkje å ta dei i dette møtet

- Rekkefølgekrav bør knytast til *igangsetting*
- Reisemiddelfordeling – føresegnene manglar kvalitetskrav til sykkelparkering og tilrettelegging for EI-sykkel
- Avlastning CCB - auke i trafikk på vestsidevegen, vil være krav til utbetring
- Trafikkanalysen – det må settast av areal til den planlagde løysinga i framlegg til plan, sjølv om behovet for utbetringa kjem seinare
- Ønskjer dialog om kva for løysning kommunen skal gå for i eit eige møte.

Kommentar frå ØK:



7

CCB Ågotnes – Eide – Eide næringsområde står sjølvstendig, og skal ikkje ha ein avlastningsfunksjon for CCB basen.

Asbjørn Algerøy –Marin Eide er tilretteleggjar av arealet med plan for dei neste 30 åra og det grønne skifte med fokus på marine næringar.

Transporten til området må planleggast utifrå eit heilskapleg bilete. Det bør vere dialog med statens vegvesen og FK, i eit eige møte om infrastruktur og veg


FK: Mobilitet – det skal utarbeidast plan for mobilitet i vest (FK) som og vil omfatte Øygarden.

Hanna Gjesdal, ØK: kommunen deltek i fylkeskommunen sitt arbeid med kollektivplan Vest, og her er det viktig at vi samordnar desse planane.

Eva K.R.T, FK: Kva ligg til grunn for plasseringa av dei foreslegne kollektivpunkta som går fram av planmaterielet no? Oppfordrar kommune og tiltakshavar til eit avklaringsmøte med Skyss om dette.

Tiltakshavar: Utbygginga skal skje over tid – og behov for buss vil kome etter 2030. Har ikkje oppretta dialog med skyss. Kollektivholdeplasser er lagt inn i planen, men lokalisering av haldeplassar må avklarast i dialog med Skyss.

### Områdeplanen skal legge grunnlag for byggesøknadar



Tiltakshavar: Intensjonen er at det i første utbyggingsfase skal kunne gå direkte til byggesak. Kommunen ønsker å ta ein gjennomgang internt for å sjekke ut med byggesak om alt er ivareteke på ein god måte i områdeplanen. Tid er ein viktig faktor, avgjerande å ha ein plan som gjer at det går å bygge ut området utan å gå vegen om detaljregulering. Ønsker konstruktive innspel til planen slik at dette kan gjerast

Spørsmål om det har vært vurdert parallell områderegulering og detaljreguleringsplan. Det har ikkje vore vurdert som aktuelt.

### Kai

Kystverket har vore inne i prosessen tidlegare med fråsegn til oppstart av områderegulering i 2015, og oppmoda til bruk av nautisk kompetanse i planlegginga av kai og bruken av sjøområdet. Det er allereie ein del aktivitet her som KU må ta omsyn til. Øygarden kommune viser til møte med losoldermannen i Vestland (Kystverket). Sakshandsamar tar eit intern møte med losoldermann og følger opp med kommunen. Kystverket kan vere behjelpelege med nautisk kompetanse, og ønsker å vere involvert vidare i arbeidet. Bergen og omland farvannsforvaltning IKS bør involveras i prosessen da fleire av planlagde tiltak ligg i kommunen sitt sjøområde. (Bergen og omland farvannsforvaltning IKS handsamer tiltak etter havne- og farvannslova i kommunen sitt sjøområde).

### Massehandtering

Sjå på bruk av lokal masse til planering av tomter. Det er mogleg, på areal som ligg mot sørvest som kaiareal, at ein kan skipe ut overskotsmasse sjøvegen. Ønsker ikkje mykje frakt av masser på veg. Pr i dag er det masseuttak frå Franzefoss sitt område.

Eva Katrine R.T, FK: Er det konflikter mellom næringsområda i nord og sør? Ulike næringstypar; avfall frå Nordsjøverksemd og sjømatnæring?

Tiltakshavar: Har ikkje konkrete planar om matproduksjon i sjø, har hatt resipientundersøkelse. Resultatet frå den tilseier at ein kan gå vidare med planane om sjømatindustri i området. Føresetnaden er at nord-området føl reglar for si verksemd.

### Landskap

Statsforvaltaren tek med seg tema i sær møte. Fylkeskommunen vil kome med innspel til dette tema i etterkant av møtet.

### Naturmangfald

Marianne Bugge, FK: KU viser at det er store negative konsekvensar for naturmangfaldet. Vi saknar avbøtande tiltak, føringar knytt til sikring av naturmangfald i planomtale og føresegner.

### Friluftsliv

MB, FK: KU syner og konsekvensar for friluftslivet, og også her saknar vi avbøtande tiltak - sikring av desse interessene i høve det som skal utbyggjast.

### Næring

Vidar Totland, InVest in Bergen: Interessante tilbakemeldinger fra de ulike instansene med sine respektive særlover. Konstaterer at møtet i dag vert ført vidare i form av flere sær møte -herunder sær møte med Statsforvalteren (som person). Vil støtte Ordførar si vurdering av behovet for nye næringsareal - som bidrag til auka eksportverksemd i det grønne skiftet. Denne satsinga i Eide er av regional viktighet. Det finst ikkje nokon andre samanliknbare satsingar til sjø andre stadar i regionen. Nærleik til byen - med ny veg - gir og realisme til tenkinga mot academia og FOU miljø fra Bergen. Vi beklagar derfor at det ser ut til at Invest in Bergen ikkje vil kunne marknadsføre denne lokaliteten før vi tydelegare ser kvar planprosessen sluttar, og når bygging av veg og kai kan ta til.

### ROS-analyse kommentar frå Statsforvaltaren

Viktig at kommunen tydeleg gjer greie for (definerer) og grunngeve kva som er akseptabel risiko/sårbarheit i dette planområdet, og innarbeider tilstrekkelege føringar for å ta i vare (samfunns-)tryggleiken i plankart og føresegner. Her må ein i tillegg til å sjå på risiko/sårbarheit knytt til kvar einskild verksemd, òg sjå på samla belastning/følgjekonsekvensar/dominoeffektar/kaskadeeffektar ). Ved eventuelle nyetableringar må ein vidare syte for at ikkje desse medfører risiko/sårbarheit utover akseptable grenser. Det kan difor vere behov for å krevje ROS-analyser ved nyetableringar i området dersom slike etableringar medfører nye risiko- og sårbarheitstilhøve, og som ein ikkje har teke høgde for i ROS-analysen. Vi kan heller ikkje sjå at verksemdsbasert risiko er omtalt i særleg grad.

Konsekvensane må vere på plass, vidare dialog om eit planframlegg.

### Oppfølging vidare

Eige møte med Statsforvaltaren, kulturminne og kystverket. Tilbakemelding landskap

Gå gjennom forholdet til den gamle kommuneplanen og forhandlingane som var då i samband med dialogmøte

### Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Øygarden kommune
- 2 Eide nærings- og innovasjonspark - utkast til føresegn 120122
- 3 Eide nærings- og innovasjonspark - utkast til plankart 270520
- 4 Eide nærings- og innovasjonspark - utkast til planskildding 070122

